



Vinje kommune
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Saksbehandlar, innvalstelefon

Lene Ottersen, 33 37 11 91

Rår i frå og vil vurdere påklaging - dispensasjon - Vinje 98/1 - 92/1 - 601/1 - Stokketjønn - parkering og returpunkt

Statsforvaltaren ved miljøavdelinga finn at tiltaket kan komme i vesentleg strid med nasjonale interesser knytt til villrein, jf. nytt revidert rundskriv T-2/16 *Miljøforvaltningens innsigelsespraksis*, punkt 3.8. I påvente av tydelegere grunngiving av behovet opp mot ei vurdering av omsynet til villrein, særleg vinterstid, rår vi ifrå at kommunen innvilgar dispensasjon, og vil vurdere å klage på eit eventuelt positivt vedtak.

Vi viser til oversending frå Vinje kommune datert 09.05.2025.

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNFR området i arealdelen for utviding av parkeringsplass og renovasjonsareal ved riksveg 9 ved Stokketjønn i Vinje kommune. Tiltaket vil omfatte delar av eigedomane 98/1, 92/1 og 601/1. Det utvida parkerings- og renovasjonsarealet vil gå ut over arealføremålet LNFR i kommuneplanen sin arealdel, og området er òg omsynssone for leveområde villrein (Setesdal Austhei). Notodden kommune vurderer å kunne gi dispensasjon til tiltaket.

Rolla til miljøavdelinga

Statsforvaltarens miljøavdeling skal sjå til at dispensasjonar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, barn og unges interesser og gravplassar. Omsynet til viktige funksjonsområde for villrein er eit av ansvarsområda til Statsforvaltaren si miljøavdeling.

For orden si skuld minner vi om at det er Statsforvaltarens justis- og verjemålsavdeling som handsamar eventuelle klagar på vedtaket til kommunen.

Vurderingane til miljøavdelinga

Nasjonale interesser og rettsleg grunnlag

Tiltaka ligg i eit område som i kommuneplanens arealdel er avsett til LNFR føremål, med omsynssone villrein. Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanens arealdel, jf. plan- og bygningslova § 11-6 og § 19-2.



I § 19-2 andre ledd heiter det at dispensasjon ikkje kan givast dersom omsyna bak føresegna det blir dispensert frå, omsyna i formålsføresegna i lova eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentleg set til side. Fordelane ved å gi dispensasjon skal vere klart større enn ulempene. Det er i utgangspunktet fordelar og ulemper for dei allmenne interessene som skal avvekast. Vidare følgjer det av plan- og bygningslova § 19-2 tredje ledd at det ved dispensasjon frå lova og forskrift til lova særleg skal leggjast vekt på konsekvensane for mellom anna miljø.

Det følgjer av pkt. 6.2.1 *Hensynssone – villrein* i føresegner til kommuneplanens arealdel at «ved handsaming av søknader om tiltak innan hensynssona skal omsynet til villreininteressene vektleggast særskilt» Vidare «For dei nasjonale villreinområda Setesdalsheiane – Ryfylkeheiane (Heiplanen) og Hardangervidda, er det under utarbeiding regionalplanar som vil gi føringar for bruken av områda».

Tiltaka ligg innanfor *Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei* (Heiplanen I Heiplanen ligg området innanfor omsynssone villrein, og det er gitt eigne retningslinjer for denne sona. For Vinje gjeld *Generelle retningslinjer for hensynssone villrein*. Desse er identiske med dei generelle retningslinjene for omsynssone Nasjonalt villreinområde med noko endring og tillegg, jf. 2.10.2. Utgangspunktet er at interessene til villreinen skal tilleggjast stor vekt i all arealforvaltning og saksbehandling. Sjølv om området ligg innanfor omsynssone villrein i Heiplanen er tiltaket i Nasjonalt villreinområde Setesdal Austhei. I Heiplanen er området òg markert som trekkveg for villreinen.

Naturmangfaldlova kapittel II slår fast at utøving av offentleg mynde skal bygge på eit godt kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, og at påverknad av tiltaket skal vurderast ut frå samla belastning på økosystemet, jf. nml. §§ 7-10. Vi viser òg til naturmangfaldlova § 5 om ivaretaking av arter og dei økologiske funksjonsområdene.

Kvalitetsnorm for villrein (Rangifer tarandus) vart fastsett ved kgl.res. 23. juni 2020. I artikkel 1 i kvalitetsnorma heiter det at «kvalitetsnormen er retningsgivende for myndighetenes forvaltning i alle saker som har betydning for villrein». Kvalitetsnorma fastset grenseverdier for god, middels og dårleg kvalitet for leveområda til villreinen, basert på delnormene bestandsforhold, lavbeite, og leveområde og menneskeleg påverknad.

I *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027* heiter det i regjeringa si forventning nr. 58 at «villreinens leveområder sikres, og vedtatte regionale planer for villreinfjella oppdateres i samsvar med ny kunnskap og følges opp i den kommunale planleggingen». I ny stortingsmelding Meld. St. 18 (2023-2024) *Ein forbetra tilstand for villrein* legg regjeringa opp til «ein høg terskel for nye inngrep i villreinområda», og seier det er «nødvendig med ei helskapleg og restriktiv arealforvaltning i villreinfjellet». Det er eit mål i stortingsmeldinga å stoppe den negative utviklinga i villreinområda innan 2030, og på lengre sikt å nå kvalitetsmåla i kvalitetsnorma.

Vi viser til nyleg revidert rundskriv T-2/16 fra Klima- og miljødepartementet, *Miljøforvaltningens innsigelsespraksis* av 26.06.2025 I no punkt 3.8 er det tydelegere framheva at konflikt med «målet om en helhetlig og restriktiv arealforvaltning i villreinfjellet, som innebærer at det skal være en høy terskel for inngrep i villreinens leveområder, jamfør Innst. 374 S(2023-2024), Meld. St. 18 (2023-2024), og Kvalitetsnormen for villrein, jamfør forskrift 23. juni 2020 nr. 1298» kan gi grunnlag for motsegn. Vi legg til grunn at det òg gjeld ved påklaging av enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, jf. § 1-9 tredje ledd.



Vi viser òg til nye *Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet* der det følgjer av punkt 3.8 at «Arealplanleggingen skal bidra til å nå målet om en helhetlig og restriktiv arealforvaltning i villrein fjellet. Dette innebærer at det skal være en høy terskel for inngrep i villreinens leveområder».

Konkret vurdering av tiltaket

Miljøavdelinga vurderer det slik at tiltaket kan vere i konflikt med dei nasjonale interessene vi er sett til å varetake, i denne saka spesielt omsynet til villreinen, og målet om ei heilskapleg og restriktiv arealforvaltning i villrein fjellet jf. nytt revidert rundskriv T-2/16 *Miljøforvaltningens innsigelsespraksis*, punkt 3.8.

Villrein er frå 2021 rekna som nær trua (NT) på den nasjonale raudlista for arter. Ifølgje Artsdatabanken er leveområdet til villreinen under aukande press som følgje av samfunnet sin arealbruk og menneskeleg ferdsel i og omkring fjellområda. Dei alle fleste bestandane av europeisk villrein lever i Noreg, og gjennom Bern-konvensjonen har Noreg ein plikt til å verne om villreinen som ein nasjonal ansvarsart. Den viktigaste føresetnaden for ein levedyktig villreinstamme er å oppretthalde store nok leveområde med tilstrekkeleg kvalitet. Villrein er svært var for forstyrning, og bruker store areal i syklusar som varierer i løpet av året og mellom år. Villreinbestanden treng derfor store areal for å vere levedyktig.

I 2022 blei den første klassifiseringa av villreinområde etter kvalitetsnorma presentert. Setesdal Austhei er vurdert til middels kvalitet. Dersom vi skal nå kvalitetsnormas mål om å oppretthalde middels kvalitet og oppnå god kvalitet på lengre sikt, må det leggjast stor vekt på villreinens interesser i alle saker som kan påverke det aktuelle leveområdet.

Det er positivt at Vinje kommune har lagt ned brøyteforbu i hyttefeltet ved Stokketjønn på grunn av eit villreintrekk i området. Det er vist til at dette har ført til at «det til tider har vore knapt med parkeringsplassar for hytteeigarane, særleg i påskeperioden som det har kome ein del utfartsturistar på parkeringa ute ved riksveg 9. Sjølv med høve for noko parkering innanfor bommen til feltet er det nokre gonger for lite plass, og ein ser behovet for at dei som har hytte i området kan parkere ute ved inngangen til feltet»

Vi kan vere opne for å vurdere endringar på parkeringsplassen, men slik saka er opplyst finn vi at det ikkje er grunnlagt tilstrekkeleg for behovet. Det er vist til at «det har til tider vore knapt med parkeringsplassar», «det er nokre gonger for lite plass» og at del vil vere «gunstig og få gjort dette mens vegutbedringene pågår (kort transport av massar)». Det er ikkje gjort greie for kor mange plassar eksisterande parkeringsplass har. Ut frå beskrivinga at det av og til er knapt med parkeringsplassar, kan ein òg stille spørsmålet om ein bom ved vegen ville løyst problemet åleine, og at det då ikkje ville ha vore behov for utvidingar. Ein vidare utviding må belyse kor mange fleire parkeringsplassar det er behov for opp mot ei vurdering av omsynet til villrein, særleg vinterstid.

Vi ser òg at deler av utvidinga og ønsket renovasjonsareal ligg delvis innanfor et eit større samanhengande myrområde. Vi viser til nye *Statlige planretningslinjer for klima og energi* av 20.12.2024, og rår til å unngå omdisponering og nedbygging av myr i tråd med punkt 4.3 e) så langt det lèt seg gjere.

Konklusjon

Statsforvaltaren ved miljøavdelinga finn at tiltaket kan komme i vesentleg strid med nasjonale interesser knytt til villrein, jf. nytt revidert rundskriv T-2/16 *Miljøforvaltningens innsigelsespraksis*, punkt 3.8. I påvente av tydelegere grunngeving av behovet opp mot ei vurdering av omsynet til



villrein, særleg vinterstid, rår vi ifrå at kommunen innvilgar dispensasjon, og vil vurdere å klage på eit eventuelt positivt vedtak.

Vi legg til grunn at kommunen i det endelege vedtaket sitt vurderer dispensasjonen opp mot vilkåret i lova slik dei går fram av plan- og bygningsloven § 19- 2.

Vi ber om kopi av vedtak i saka.

Med helsing

Hanna Fossen-Thaugland (e.f.)
fungerande direktør

Lene Ottersen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Telemark fylkeskommune
Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Postboks 2844

3702

SKIEN